



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker

Møtedato: 25.02.2016
Møtetid: kl. 18:30
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig, Regine Sagstad Berg, Andreas Westermoen, Brigtt Roar Skeie, Andreas Sagstad Berg, Bent Gunnar Næss, Torbjørn Aamli. Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Anne Kjersti Tveiten Erikstein, Synnøve Kårstad Ryland, Ingunn Reigstad, Per Audun Heskestad.

Innkalling, sakliste og sist møtebok:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 14.01.16 vart godkjent-

Meldingssaker:

* **Internasjonalt arbeid.** Berit Nøst Dale orienterte . Deltakarar frå: Polen, Romania, Litauen, Eritrea, Syria.
5 lærere på norskurset. (bare damer).

Søker støtte frå K-stud/Meland kommune/HFK. Skulle hatt ein vikar - eventuelt flere lærarar.

Kaféen har ei litt anna målgruppe. Eldre i kyrkjelyden som møter fram. Bør være flere unge som deltar!

Idear til oppfølging:

- Kva med dei som var flyktningfadderar?
- Bibelgruppe med fleire som er flyktninger/tilflyttarar?
- Nokon med ansvar for kafeen i perioder? Hadde vore fint og letta på arbeidet.

***Planarbeid/oppfølging etter turen 5.-6.2.**

Det vart lagt opp til å skrive ein 4-årsplan for soknerådet sitt arbeid.

* **Fasteaksjonen.** Det trengs fleire bøsseberarar i år, spesielt fordi det er lite konfirmantkull. Det vert teke med i kunngjeringa komande søndag.

Sak 002/16 Endring av to ledd i hovudgudstenesta

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

- a. Leddet med å minnast dei døde vert sløyfa, men vi ber for dei sørgjande under kyrkjebøna. Namnet på avdøde skal nemnast. Samrøysta vedtak.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

- b. Vi held fram med at prest og organist avgjer dette i lag. Plassering av siste salme kan vurderast på nytt når SR tek ei ny vurdering av gudstenesteordninga. Samøysta vedtak.

Sak 003/16 Prosjekt husgruppearbeid

Forslag til vedtak:

Meland sokneråd vedtek at eit kortsiktig målsetjing for gjevartenestearbeidet er å samle inn til ei prosjektstilling for husgruppearbeidet. Dette vert det informert om på gudstenesta 28.februar som skal ha fokus på gjevartenesta. Soknerådet sender over spørsmål til Alversund sokneråd om dei ønsker å bli med på eit samarbeid om ei slik stilling. Samarbeidet kan vere anten å dele kostnadane til ei 20% stilling, eller auke til ei større stilling. Meland sokneråd kan tilby seg å vere arbeidsgjevar og skaffe kontor plass.

Soknerådet ber kyrkjevevja utforme ein stillingsomtale for stillinga, vurdere tilsetjingsvilkår og drøfte saka med administrasjonsutvalet før neste møte. Ved ei mellombels tilsetjing kan administrasjonsutvalet tilsetje på fullmakt frå soknerådet.

Ei slik mellombels prosjektstilling vert å finansiere med ledige vikarmidlar, og auka gjevarteneste og tilskot etter kvart.

Møtebehandling:

Det kom framlegg om å endre litt på vedtaksteksten i møtet.

Vedtak:

Endra framlegg til vedtak i møtet:

Meland sokneråd vedtek at ei ny målsetjing for gjevartenestearbeidet, i tillegg til dei eksisterande, er å samle inn til ei prosjektstilling for husgruppearbeidet. Dette vert det informert om på gudstenesta 28.februar som skal ha fokus på gjevartenesta. Soknerådet sender over spørsmål til Alversund sokneråd om dei ønsker å bli med på eit samarbeid om ei slik stilling. Samarbeidet kan vere anten å dele kostnadane til ei 20% stilling, eller auke til ei større stilling. Meland sokneråd kan tilby seg å vere arbeidsgjevar og skaffe kontor plass.

Soknerådet ber kyrkjevevja utforme ein stillingsomtale for stillinga, vurdere tilsetjingsvilkår og drøfte saka med administrasjonsutvalet før neste møte. Ved ei mellombels tilsetjing kan administrasjonsutvalet tilsetje på fullmakt frå soknerådet.

Ei slik mellombels prosjektstilling vert å finansiere med ledige vikarmidlar, og auka gjevarteneste og tilskot etter kvart. Nytt framlegg til vedtak vert samrøysta vedteke.

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjevevje